

**Representantane for ministrane  
Dokument frå Ministerkomiteen**

**CM(2011)49 endeleg** 7. april 2011

**Europarådets konvensjon om førebygging og motarbeiding av vald mot kvinner  
og vald i nære relasjonar**

**Føreord**

Medlemsstatane i Europarådet og dei andre signatarane

minner om Konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggande fridomar (ETS Nr. 5, 1950) og tilhøyrande protokollar, Den europeiske sosialpakt (ETS Nr. 35, 1961, revidert i 1996, ETS Nr. 163), Europarådets konvensjon om tiltak mot menneskehandel (ETS Nr. 197, 2005) og Europarådets konvensjon om vern av barn mot seksuell utnytting og seksuelt misbruk (ETS Nr. 201, 2007);

minner om følgjande tilrådingar frå Ministerkomiteen til medlemsstatane i Europarådet: Tilråding Rec(2002)5 om å verne kvinner mot vald, Tilråding CM/Rec(2007)17 om standardar og mekanismar for likestilling mellom kvinner og menn, Tilråding CM/Rec(2010)10 om rolla til kvinner og menn i konfliktførebygging, konfliktløysing og fredsbygging, og andre relevante tilrådingar;

tek omsyn til ein stadig større samling av rettspraksis ved Den europeiske menneskerettsdomstolen som fastset viktige normer med omsyn til vald mot kvinner;

viser til Den internasjonale konvensjon om sivile og politiske rettar (1966), Den internasjonale konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (1966), FNs konvensjon om avskaffing av alle former for diskriminering av kvinner ("CEDAW", 1979) og den tilhøyrande valfrie protokoll (1999), i tillegg til Generell tilråding nr. 19 frå CEDAW-komiteen om vald mot kvinner, FNs konvensjon om barns rettar (1989) med valfrie protokollar (2000) og FNs konvensjon om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (2006);

viser til Roma-vedtektene for Den internasjonale straffedomstolen (2002);  
minner om dei grunnleggande prinsippa i internasjonal humanitær rett, og særleg Genève-konvensjonen (IV) om vern av sivile i krigstid (1949) med tilleggsprotokoll I og II (1977);  
fordømer alle former for vald mot kvinner og vald i nære relasjonar;

erkjenner at gjennomføring av juridisk og reell likestilling mellom menn og kvinner er ein nøkkelfaktor i arbeidet med å førebyggje vald mot kvinner;

erkjenner at vald mot kvinner er eit uttrykk for historisk ulikskap i maktforholdet mellom kvinner og menn, som har ført til at menn har dominert over kvinner og diskriminert dei, og til at kvinner har vore fråtekne høve til framgang;

erkjenner at vald mot kvinner strukturelt sett er kjønnsavhengig, og at vald mot kvinner er ein av dei viktigaste sosiale mekanismane som gjer at kvinner blir tvunga inn i ein underordna stilling samanlikna med menn;

erkjenner, med djup uro, at kvinner og jenter ofte blir utsette for alvorlege former for vald, slik som vald i nære relasjonar, seksuell trakassering, valdtekt, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og brotsverk som er gjort i namnet til såkalla "ære", noko som er eit alvorleg brot på menneskerettane til kvinner og jenter og eit stort hinder for oppnåing av likestilling mellom kvinner og menn;

erkjenner dei kontinuerlege brota på menneskerettane som råkar sivilbefolkninga, og særleg kvinner, under væpna konflikter, i form av omfattande eller systematisk valdtekt og seksuell vald og faren for auka kjønnsavhengig vald både under og etter konflikter;

## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

erkjenner at kvinner og jenter er utsette for ein større risiko for kjønnsavhengig vald enn menn;

erkjenner at vald i nære relasjonar i uforholdsmessig stor grad går ut over kvinner, og at menn også kan vere offer for vald i nære relasjonar;

erkjenner at barn er offer for vald i nære relasjonar, også når dei er vitne til vald i familien;

ønskjer å skape eit Europa som er fritt for vald mot kvinner og vald i nære relasjonar,

er einige om følgjande:

### **Kapittel I – Føremål, definisjonar, likestilling og ikkje-diskriminering, generelle plikter**

#### **Artikkel 1 – Føremåler ved konvensjonen**

1. Denne konvensjonen har som føremål å:
  - a. verne kvinner mot alle former for vald, og å førebyggje, påtale og eliminere vald mot kvinner og vald i nære relasjonar;
  - b. medverke til avskaffing av alle former for diskriminering av kvinner og fremje reell likestilling mellom kvinner og menn, også ved å styrkje kvinnene si stilling;
  - c. utforme eit heilskapleg rammeverk, politikk og tiltak for å gi vern og hjelp til alle som er offer for vald mot kvinner og vald i nære relasjonar;
  - d. fremje internasjonalt samarbeid med sikte på å avskaffe vald mot kvinner og vald i nære relasjonar;
  - e. gi støtte og hjelp til organisasjonar og rettshandhevingsorgan for eit effektivt samarbeid med sikte på å vedta ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med å avskaffe vald mot kvinner og vald i nære relasjonar.
2. Det skal opprettast ein eigen overvakingsmekanisme for å sikre at partane gjennomfører føresegnene i konvensjonen på ein effektiv måte.

#### **Artikkel 2 – Verkeområdet for konvensjonen**

1. Denne konvensjonen skal gjelde for alle former for vald mot kvinner, også vald i nære relasjonar, som i uforholdsmessig stor grad råkar kvinner.
2. Partane vert oppmoda til å gjennomføre denne konvensjonen for alle offer for vald i nære relasjonar. Partane skal særleg vere merksame på kvinner som er offer for kjønnsavhengig vald når dei gjennomfører fråsegnene i denne konvensjonen.
3. Denne konvensjonen skal gjelde i fredstid og i situasjonar med væpna konflikt.

#### **Artikkel 3 – Definisjonar**

I denne konvensjonen:

- a. skal "vald mot kvinner" forståast som eit brot på menneskerettane og ei form for diskriminering av kvinner, og omfattar alle kjønnsavhengige valdshandlingar som fører til, eller som det er sannsynleg kan føre til, fysisk, seksuell, psykisk eller økonomisk skade eller liding for kvinner, inkludert trugsmål om slike handlingar, tvang eller vilkårleg fridomstap, enten dei skjer i den offentlege eller den private sfæren;
- b. skal "vald i nære relasjonar" forståast som alle handlingar med fysisk, seksuell, psykisk eller økonomisk vald som vert utøvd i familien eller i nære relasjonar, eller mellom tidlegare eller

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

noverande ektefellar eller partnarar, uavhengig av om valdsutøvaren har eller tidlegare har hatt felles bustad med offeret;

- c. skal "kjønn" forståast som sosialt konstruerte roller, åtferdsmønster, aktivitetar og eigenskapar som eit gitt samfunn ser på som passande for kvinner og menn;
- d. skal "kjønnsavhengig vald mot kvinner" forståast som vald som er retta mot ei kvinne fordi ho er kvinne, eller vald som i uforholdsmessig stor grad råkar kvinner;
- e. skal "offer" forståast som alle fysiske personar som er utsette for slik åtferd som er spesifisert i punkt a og b;
- f. skal "kvinne" også omfatte jenter som er under 18 år gamle.

### **Artikkel 4 – Grunnleggande rettar, likestilling og ikkje-diskriminering**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å fremje og verne om den retten som tilkjem alle, ikkje minst kvinner, til å leve eit liv fritt for vald både i den offentlege og den private sfæren.
2. Partane fordømmer alle former for diskriminering av kvinner og tek utan opphald dei tiltaka, enten gjennom lovgiving eller på annan måte, som er nødvendige for å førebygge dette, særleg ved å:
  - nedfelle prinsippet om likestilling mellom menn og kvinner i si forfatning eller anna eigna lovgiving, og sikre at dette prinsippet blir gjennomført i praksis;
  - forby diskriminering av kvinner, også ved hjelp av sanksjonar der dette er aktuelt;
  - avskaffe lover og praksis som diskriminerer kvinner.
3. Gjennomføringa av fråsegnene i denne konvensjonen av partane, særleg med omsyn til tiltak for å verne offera sine rettar, skal sikrast utan diskriminering på noko grunnlag, slik som kjønn, rase, hudfarge, språk, religion, politisk eller anna overtyding, nasjonalt eller sosialt opphav, tilknytning til nasjonal minoritet, eigedom, fødsel, seksuell legning, kjønnsidentitet, alder, helsetilstand, funksjonshemming, ekteskapeleg status, innvandrar- eller flyktningstatus eller annan status.
4. Særlege tiltak som er nødvendige for å førebyggje og verne kvinner mot kjønnsavhengig vald skal ikkje forståast som diskriminering etter denne konvensjonen.

### **Artikkel 5 – Statlege plikter og påkravd aktsemd**

1. Partane skal avstå frå alle valdshandlingar mot kvinner og sørgje for at statlege styresmakter, offentlege tenestepersonar, representantar, institusjonar og andre aktørar som handlar på vegner av staten, opptre i samsvar med denne plikta.
2. Partane skal ved lovgiving og på annan måte treffe dei tiltak som er nødvendige for å utvise påkravd aktsemd med sikte på å hindre, etterforske, straffe og gi erstatning for valdshandlingar som kjem under verkeområdet for denne konvensjonen, og som blir utøvd av ikkje-statlege aktørar.

### **Artikkel 6 – Politikk som tek omsyn til kjønn**

Partane forpliktar seg til å ta omsyn til betydinga av kjønn ved gjennomføring og evaluering av verknaden av føresegnene i denne konvensjonen, og til å fremje og gjennomføre politiske tiltak for likestilling mellom kvinner og menn og styrking av kvinnene si stilling på ein effektiv måte.

## **Kapittel II – Heilskapleg politikk og datainnsamling**

### **Artikkel 7 – Heilskapleg og samordna politikk**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltak som er nødvendige for å vedta og gjennomføre ein effektiv, heilskapleg og samordna nasjonal politikk med alle relevante tiltak som kan førebyggje og motverke alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, og møte vald mot kvinner på ein holistisk måte.
2. Partane skal sikre at den politikken som er nemnd i nr. 1, set offeret sine rettar i sentrum for alle tiltak, og blir gjennomført gjennom eit effektivt samarbeid mellom alle relevante etatar, institusjonar og organisasjonar.
3. Tiltak som blir sette i verk i samsvar med denne artikkelen, skal der det er formålstenleg, involvere alle relevante aktørar, slik som offentlege etatar, nasjonale, regionale og lokale lovgivande forsamlingar og styresmakter, nasjonale menneskerettsinstitusjonar og organisasjonar i sivilsamfunnet.

### **Artikkel 8 – Økonomiske ressursar**

Partane skal setje av tilstrekkelege økonomiske og menneskelege ressursar til ei tilfredsstillande gjennomføring av heilskapleg politikk, tiltak og program med sikte på å førebyggje og motverke alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, også det arbeidet som blir utført av ikkje-statlege organisasjonar og sivilsamfunnet.

### **Artikkel 9 – Frivillige organisasjonar og det sivile samfunnet**

Partane skal på alle nivå gi godkjenning, oppmuntring og støtte til det arbeidet som vert gjort i relevante frivillige organisasjonar og organisasjonar i sivilsamfunnet som arbeider aktivt med å kjempe mot vald mot kvinner, og opprette eit effektivt samarbeid med desse organisasjonane.

### **Artikkel 10 – Koordineringsorgan**

1. Partane skal utpeike eller opprette eitt eller fleire offisielle organ med ansvar for koordinering, gjennomføring, overvaking og evaluering av politikk og tiltak som blir sette i verk med sikte på å førebyggje og motarbeide alle former for vald som kjem inn under denne konvensjonen. Desse organa skal samordne datainnsamlinga nemnd i artikkel 11 og analysere og vidareformidle resultatane.
2. Partane skal sørge for at organ som er utpeikte eller oppretta i samsvar med denne artikkelen, får generell informasjon om tiltak som blir sette i verk etter kapittel VIII.
3. Partane skal sørge for at organ som er utpeikte eller oppretta i samsvar med denne artikkelen, skal kunne kommunisere direkte med dei tilsvarande organa hos andre partar, og styrkje sambandet med dei.

### **Artikkel 11 – Datainnsamling og forskning**

1. For å kunne gjennomføre denne konvensjonen skal partane forplikte seg til:
  - a. å utføre regelmessig innsamling av forskjellige relevante statistiske data om alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen,
  - b. å støtte forskning på alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, med sikte på å undersøkje underliggjande årsaker og verknader, omfanget og kor ofte dette fører til domfelling, og for å måle kor effektive dei tiltaka som blir sette i verk for å gjennomføre denne konvensjonen, er.
2. Partane skal søkje å gjennomføre regelmessige, populasjonsbaserte undersøkingar med sikte på å fastslå utbreiinga av og tendensane i alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen.

## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

3. Partane skal gi opplysingar som blir innsamla etter denne artikkelen, til ekspertgruppa nemnd i artikkel 66 i konvensjonen, for å stimulere til internasjonalt samarbeid og gjere det mogleg å gjennomføre internasjonale komparative evalueringar.

4. Partane skal sørge for at informasjon som blir innhenta etter denne artikkelen, er offentleg tilgjengeleg.

### **Kapittel III – Førebygging**

#### **Artikkel 12 – Generelle plikter**

1. Partane skal treffe dei tiltaka som er nødvendige for å fremje endringar i dei sosiale og kulturelle åtferdsmønstra til kvinner og menn med sikte på å utrydje fordommar, skikkar, tradisjonar og all annan praksis som byggjer på ei førestilling om at kvinner er underlegne eller på stereotype manns- og kvinneroller.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å førebygge alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, frå einkvar fysisk eller juridisk person.

3. Alle tiltak som vert sette i verk i samsvar med dette kapitlet, skal omhandle og ta høgd for dei særlege behova hos personar som på grunn av spesielle omstende er blitt sårbare, og skal setje menneskerettane til alle offer i sentrum.

4. Partane skal setje i verk dei tiltak som er nødvendige for å oppmuntre alle medlemmer av samfunnet, og særleg gutar og menn, til å medverke aktivt i arbeidet med å førebygge alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen.

5. Partane skal sørge for at kultur, skikkar, religion, tradisjon eller såkalla "ære" ikkje blir sett på som å kunne legitimere valdshandlingar som er omfatta av denne konvensjonen.

6. Partane skal setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fremje program og aktivitetar som styrker kvinnene si stilling.

#### **Artikkel 13 – Haldningsskapande arbeid**

1. Partane skal regelmessig og på alle nivå fremje eller gjennomføre haldningsskapande kampanjar eller program, også i samarbeid med nasjonale menneskerettsinstitusjonar og likestillingsorgan, det sivile samfunnet og frivillige organisasjonar, særleg kvinneorganisasjonar, der dette er føremålstenleg, for å auke medvitet og forståinga i allmenta av dei forskjellige utslaga av alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, kva konsekvensar dei har for barn og behovet for å hindre slik vald.

2. Partane skal sørge for brei informasjon til allmenta om kva tiltak som er tilgjengelege for å hindre slike valdshandlingar som er omfatta av denne konvensjonen.

#### **Artikkel 14 – Utdanning**

1. Der det er føremålstenleg, skal partane setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for at alderstilpassa læremateriell om slike spørsmål som likestilling mellom kvinner og menn, ikkje-stereotype kjønnsroller, gjensidig respekt, ikkjevaldeleg konfliktløyising i mellommenneskelege forhold, kjønnsavhengig vald mot kvinner og retten til personleg integritet, blir inntekne i formelle læreplanar og på alle utdanningsnivå.

2. Partane skal setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fremje dei prinsippa som er nemnde i nr. 1, i samband med uformelle utdanningstilbod og innanfor idrett, kultur- og fritidstilbod så vel som i media.

#### **Artikkel 15 – Opplæring av fagfolk**

1. Partane skal sørge for eller styrkje eigna opplæring for dei aktuelle fagpersonane som har å

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

gjere med offer eller gjerningspersonar for alle slags valdshandlingar som er omfatta av denne konvensjonen, i førebygging og oppdaging av slik vald, i likestilling mellom kvinner og menn, i offera sine behov og rettar, og i korleis ein kan hindre sekundær viktimisering kan hindrast..

2. Partane skal oppmuntre til at opplæringa i nr. 1 omfattar opplæring i koordinert samarbeid mellom fleire organ for å gjere det mogleg med ei heilskapleg og eigna handtering av tilvisingar i tilfelle som er omfatta av denne konvensjonen.

### **Artikkel 16 – Førebyggjande inngrep og behandlingsprogram**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å opprette eller støtte program som er retta mot å lære utøvarar av vald i nære relasjonar å ta i bruk ikkjevaldeleg åtferd i mellommenneskelege relasjonar med sikte på å hindre ytterlegare vald og endre valdelege åtferdsmønster.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å opprette eller støtte behandlingsprogram retta mot å hindre overgripingar, særleg seksualforbrytarar, i å forgripe seg på nytt.

3. Når dei set i verk tiltaka som er nemnde i nr. 1 og 2, skal partane sikre at tryggleiken, støtta og menneskerettane til offera blir prioritert, og at desse programma vert oppretta og sette i verk i nært samråd med spesialiserte støttetilbod for offera.

### **Artikkel 17 – Deltaking frå privat næringsliv og media**

1. Partane skal oppmuntre det private næringslivet, informasjons- og kommunikasjonssektoren og media, med tilbørleg respekt for deira yringsfridom og sjølvstende, til å delta i utarbeiding og iverksetjing av politikk og til å fastsetje retningslinjer og sjølvregulerande standardar for å førebyggje vald mot kvinner og auke respekten for deira vørtnad.

2. Partane skal i samarbeid med aktørar frå det private næringslivet utvikle og fremje barn, foreldre og lærarar si evne til å handtere eit informasjons- og kommunikasjonsmiljø som gir tilgang til fornedrande innhald av seksuell eller valdeleg art som kan vere skadeleg.

## **Kapittel IV – Vern og støtte**

### **Artikkel 18 – Generelle plikter**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å verne alle offer mot ytterlegare valdshandlingar.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte, i samsvar med intern rett, treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at det finst eigna mekanismar for eit effektivt samarbeid mellom alle relevante statlege etatar, inkludert domstolar, offentleg påtalemynde, rettshandhevsorgan, lokale og regionale styresmakter og frivillige organisasjonar og andre relevante organisasjonar og einingar, i arbeidet med å verne og støtte offer for og vitne til alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, også med tilvising til allmenne og spesialiserte støttetjenester som er nærare omhandla i artikkel 20 og 22 i denne konvensjonen.

3. Partane skal sikre at tiltak som blir sette i verk etter dette kapitlet skal:

- bygge på eit kjønnspektiv i forståinga av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar, og fokusere på menneskerettane og tryggleiken til offeret,
- bygge på ei integrert tilnærming som tek omsyn til forholdet mellom offer, valdsutøvarar, barn og deira utvida sosiale miljø,
- ta sikte på å unngå sekundær viktimisering,
- ta sikte på ei styrka stilling og økonomisk sjølvstende for kvinnelege valdsoffer,
- opne for samlokalisering av tenester som gir vern og støtte, når det er føremålstenleg,
- ivareta dei særskilte behova hos sårbare personar, som barn som er offer, og gjere det tilgjengeleg for dei.

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

4. Tenestetilbodet skal ikkje avhenge av at offeret er villig til å melde eller vitne mot ein valdsutøvar.

5. Partane skal treffe føremålstenlege tiltak for å gi konsulært og anna vern og støtte til sine borgarar, og til andre offer som har rett til slikt vern, i samsvar med sine plikter etter folkeretten .

### **Artikkel 19 – Informasjon**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at offer mottek adekvat informasjon til rett tid om kva støttetjenester og juridiske åtgjerder som er tilgjengelege for dei, på eit språk som dei forstår.

### **Artikkel 20 – Generelle støttetjenester**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at offer får tilgang til tenester som hjelper dei å restituere seg etter valden. Desse tiltaka bør om nødvendig omfatte tenester som juridisk og psykologisk rådgiving, økonomisk hjelp, husrom, utdanning, opplæring og hjelp til å finne arbeid.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at offer får tilgang til helsetenester og sosiale tenester, at tenestene har tilstrekkelege ressursar og at fagfolk får opplæring i å hjelpe offer og tilvise dei til dei rette instansane.

### **Artikkel 21 – Hjelp i samband med individuelle eller kollektive klager**

Partane skal sikre at offer får informasjon om og tilgang til gjeldande regionale og internasjonale ordningar for individuelle/kollektive klager. Partane skal gi offer tilbod om kjenslevar og velinformert hjelp med å framsetje slike klager.

### **Artikkel 22 – Spesialiserte støttetjenester**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for tilbod om eller tilrettelegging av støttetjenester som kan ystast med ein gong eller på kort eller lang sikt, og som har tilfredsstillande geografisk spreiding, til alle offer som har vore utsette for slike valdshandlingar som er omfatta av denne konvensjonen.

2. Partane skal tilby eller leggje til rette for spesialiserte støttetjenester for alle kvinnelege valdsoffer og deira barn.

### **Artikkel 23 – Krisesenter**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å opprette eit tilstrekkeleg tal med føremålstenlege og lett tilgjengelege krisesenter som kan gi trygge husrom til offera, og særleg kvinner og barna deira, og for å hjelpe dei på ein proaktiv måte.

### **Artikkel 24 – Hjelpetelefonar**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å opprette landsdekkande, gratis hjelpetelefonar som er opne døgneret rundt alle vekedagar, og som kan gi råd til dei som tek kontakt, enten konfidensielt eller anonymt, i samband med alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen.

### **Artikkel 25 – Støtte til offer for seksuell vald**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å opprette eit tilstrekkeleg tal på lett tilgjengelege mottakssenter for offer for valdtekt eller seksuell vald, der dei kan få medisinsk og rettsmedisinsk undersøking, krisehjelp og rådgiving.

### **Artikkel 26 – Vern og støtte til barn som er vitne**

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å at det i tilbodet om tenester som gir vern og støtte til offer, blir teke omsyn til rettane og behova til barn som har vore vitne til alle former for slik vald som er omfatta av denne konvensjonen.

2. Tiltak som vert sette i verk etter denne artikkel, skal omfatte alderstilpassa psykososial rådgiving for barn som har vore vitne til alle former for slik vald som er omfatta av denne konvensjonen og skal ta tilbørleg omsyn til kva som er best for barnet.

### **Artikkel 27 – Melding**

Partane skal treffe dei tiltaka som er nødvendige for å oppmuntre alle som har vore vitne til ei valdshandling som er omfatta av denne konvensjonen, eller som har rimelege grunnar til å tru at ei slik handling kan bli gjort, eller at det kan fryktast fleire valdshandlingar, melder frå om dette til kompetente organisasjonar eller styresmakter.

### **Artikkel 28 – Melding frå fagfolk**

Partane skal treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at fråsegner i intern rett om teieplikt for visse yrkesgrupper ikkje er til hinder for at desse, når forholda tilseier det, melder frå til kompetente organisasjonar eller styresmakter dersom dei har god grunn til å tru at det er utøvd ei alvorleg valdshandling som er omfatta av denne konvensjonen, og at det er grunn til frykt for fleire slike alvorlege valdshandlingar.

## **Kapittel V – Materiell rett**

### **Artikkel 29 – Sivile søksmål og rettsmiddel**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å gi offera høve til tilfredsstillande sivilrettslege tiltak mot valdsutøveren.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å gi offera høve til, i samsvar med dei generelle prinsippa i folkeretten, tilfredsstillande sivilrettslege tiltak mot statlege styresmakter som ikkje har oppfylt si plikt til å setje i verk nødvendige førebyggjande tiltak eller vernetiltak innanfor ramma av sin kompetanse.

### **Artikkel 30 – Erstatning**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at offeret har rett til å krevje erstatning frå valdsutøveren for ei handling som er fastsett som straffbar etter denne konvensjonen.

2. Den som er påført alvorleg personskade eller svekka helse, skal tilkjennast tilfredsstillande erstatning frå staten, i den grad skaden ikkje vert dekt av andre, til dømes valdsutøveren, forsikringar eller statleg finansierte helse- og sosialtenester. Dette er ikkje til hinder for at partane kan krevje regress frå valdsutøveren for tilkjent erstatning, så lengje det blir teke tilbørleg omsyn til offeret sin tryggleik.

3. Tiltak som blir sette i verk etter nr. 2, skal sikre at det blir gitt erstatning innan rimeleg tid.

### **Artikkel 31 – Omsorg, samværsrett og tryggleik**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at slike valdshendingar som er omfatta av denne konvensjonen, blir tatt omsyn til ved avgjerder om omsorg og samværsrett for barn.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at utøving av samværsrett eller omsorgsrett ikkje set rettane og tryggleiken til offeret eller barna i fare.

### **Artikkel 32 – Sivilrettslege følgjer av tvangsekteskap**



## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at ekteskap som er inngått med tvang, kan kjennast ugyldige, annullerast eller oppløysast utan urimeleg økonomisk eller administrativ byrde for offeret.

### **Artikkel 33 – Psykisk vald**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av forsettleg åtferd som gjennom tvang eller trugsmål svekkar den psykiske integriteten til ein person.

### **Artikkel 34 – Forfølgjing (stalking)**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av forsettleg, gjenteken og truande åtferd retta mot ein annan person, som får han eller ho til å frykte for sin tryggleik.

### **Artikkel 35 – Fysisk vald**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av forsettleg å utøve fysisk vald mot ein annan person.

### **Artikkel 36 – Seksuell vald, inkludert valdtekt**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av følgjande forsettlege åtferd:

- a. vaginal, anal eller oral penetrering av seksuell art av ein annan sin kropp utan samtykke, med einkvar kroppsdel eller gjenstand;
- b. andre handlingar av seksuell art mot en person utan samtykke;
- c. å få ein annan person til å utføre handlingar av seksuell art med ein tredjeperson utan samtykke.

2. Eit samtykke må gjevast frivillig, som eit resultat av vedkomande person sin frie vilje, sett i lys av forholda omkring hendinga.

3. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at føresegnene i nr. 1 også gjeld for handlingar som er utøvd mot den som etter intern rett er tidlegare eller noverande ektefelle eller partnar.

### **Artikkel 37 – Tvangsekteskap**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av forsettleg åtferd som tvinger ein vaksen person eller eit barn til å inngå ekteskap.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av det å forsettleg lure ein vaksen person eller eit barn inn på territoriet til ein annan part eller stat enn der han eller ho er busett, med det føremål å tvinge denne vaksne personen eller barnet til å inngå ekteskap.

### **Artikkel 38 – Kjønnsllesting av kvinner**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av følgjande forsettlege åtferd:

- a. å skjere bort, sy saman eller på annan måte lemleste heile eller deler av ei kvinne sine ytre kjønnslepper, indre kjønnslepper eller klitoris;

## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

- b. å tvinge eller påverke ei kvinne til å underkaste seg ei behandling som oppført under bokstav a;
- c. å oppmuntre til eller tvinge ei jente til å underkaste seg ei behandling som oppført under bokstav a, eller å medverke til at ho gjer dette.

### **Artikkel 39 – Tvangsabort og tvangssterilisering**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre kriminalisering av følgjande forsettlege åtferd:

- a. å utføre abort på ei kvinne utan at ho har gitt informert samtykke på førehand;
- b. å utføre eit kirurgisk inngrep som har som føremål eller verknad å gjere slutt på ei kvinne si evne til naturleg reproduksjon, utan at ho på førehand har gitt informert samtykke eller har forstått prosedyren..

### **Artikkel 40 – Seksuell trakassering**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre straffeforfølgning eller anna rettsforfølgning av ei kvar form for uønskt verbal, ikkje-verbal eller fysisk åtferd av seksuell art som har som føremål eller verknad å krenkje ein person sin vørndnad, særleg når åtferdskaper eit truande, fiendtleg, fornedrande, audmjukande eller ubehageleg miljø.

### **Artikkel 41 – Medverknad og forsøk**

- 1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å fastsetje at forsettleg medverknad til ei handling som er fastsett som straffbar etter artikkel 33, 34, 35, 36, 37, 38a og 39 i denne konvensjonen, er ei straffbar handling.
- 2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å fastsetje at forsettlege forsøk på å utføre ei handling som er fastsett som straffbar etter artikkel 35, 36, 37, 38a og 39 i denne konvensjonen, er ei straffbar handling.

### **Artikkel 42 – Uakseptabel grunngjeving for eit brotsverk, inkludert brotsverk som er gjort i namnet til såkalla "ære"**

- 1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at kultur, skikkar, religion, tradisjon eller såkalla "ære" ikkje kan brukast til å rettferdiggjere ei valdshandling som er omfatta av denne konvensjonen, i straffesaker som vert innleidde etter at det er utført ei slik handling. Dette gjeld særleg påstandar om at offeret har brote kulturelle, religiøse, sosiale eller tradisjonelle normer eller skikkar som skal sikre passande åtferd.
- 2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at den som får eit barn til å utføre ei slik handling som er nemnd i nr. 1, ikkje får redusert sitt strafferettslege ansvar for dei handlingane som er utførte.

### **Artikkel 43 – Verkeområde for straffbare handlingar**

Handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen, skal vere straffbare uavhengig av kva slags forhold det er mellom offer og valdsutøvar.

### **Artikkel 44 – Jurisdiksjon**

- 1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å etablere jurisdiksjon over ei kvar handling som er fastsett som straffbar etter denne konvensjonen, når handlinga er utført:
  - a. på deira territorium; eller
  - b. om bord i eit skip som seglar under deira flagg; eller
  - c. om bord i eit luftfarty som er registrert etter deira lover; eller

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

- d. av ein av deira borgarar; eller
  - e. av ein person som til vanleg bur på deira territorium.
2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte anstrenge seg for å treffe dei tiltaka som er nødvendige for å etablere jurisdiksjon over ei kvar handling som er fastsett som straffbar etter denne konvensjonen, når handlinga er utført mot ein av deira borgarar eller ein person som til vanleg bur på deira territorium.
  3. Ved straffeforfølgning av handlingar som er fastsette som straffbare etter artikkel 36, 37, 38 og 39 i denne konvensjonen, skal partane ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at deira jurisdiksjon ikkje er betinga av at handlingane er kriminaliserte på territoriet der dei vart utførte.
  4. Ved straffeforfølgning av handlingar som er fastsette som straffbare etter artikkel 36, 37, 38 og 39 i denne konvensjonen, skal partane ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at deira jurisdiksjon med omsyn til nr. 1 bokstav d og e ikkje er betinga av at straffeforfølgning kan finne stad først når det ligg føre ei melding frå offeret for handlinga eller det er tatt ut tiltale i staten som handlinga vart utført i.
  5. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å for å etablere jurisdiksjon over handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen, i tilfelle der ein påstått valdsutøvar oppheld seg på deira territorium og dei ikkje utleverer han eller henne til ein annan part berre på grunnlag av vedkomande sin nasjonalitet.
  6. Når meir enn ein part gjer krav på jurisdiksjon over ei påstått handling som er fastsett som straffbar etter denne konvensjonen, skal dei involverte partane, når det er hensiktsmessig, rådføre seg med kvarandre med sikte på å avgjere kva for ein jurisdiksjon som er mest føremålstenleg for straffeforfølgninga.
  7. Med atterhald for dei generelle reglane i folkeretten utelukkar ikkje denne konvensjonen nokon strafferettsleg jurisdiksjon som ein part utøvar i samsvar med sin interne rett .

### **Artikkel 45 – Straffereaksjonar og tiltak**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen, kan straffast med effektive, forholdsmessige og avskrekkande straffereaksjonar, og det skal då takast omsyn til handlinga si alvorlege karakter. Desse straffereaksjonane skal, når det er føremålstenleg, omfatte fridomsstraff som kan gi grunnlag for utlevering.
2. Partane kan vedta andre tiltak overfor valdsutøvarar, som til dømes:
  - overvaking av eller tilsyn med straffedømte personar;
  - tap av foreldrerett, dersom barnets beste, som kan omfatte tryggleiken til offeret, ikkje kan garanterast på nokon annan måte.

### **Artikkel 46 – Skjerpande omstende**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at følgjande omstende i samsvar med dei relevante føresegner i intern rett kan vurderast som skjerpande ved utmåling av straff for handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen, i den grad dei ikkje allereie er en del av den straffbare handlinga:

- a. den straffbare handlinga vart utført mot ein person som etter intern rett er tidlegare eller noverande ektefelle eller partnar, av eit familiemedlem, ein person som bur saman med offeret, eller ein person som har misbrukt stillinga si;
- b. den straffbare handlinga, eller relaterte handlingar, vart utført gjentekne gonger;
- c. den straffbare handlinga vart utført mot ein person som var sårbar på grunn av særlege omstende;

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

- d. den straffbare handlinga vart utført mot eit barn eller medan eit barn var til stades;
- e. den straffbare handlinga vart utført av to eller fleire personar i fellesskap;
- f. det vart utført svært grov vold i forkant av eller under den straffbare handlinga;
- g. den straffbare handlinga vart utført med bruk eller trussel om bruk av eit våpen;
- h. den straffbare handlinga har påført offeret alvorleg fysisk eller psykisk skade;
- i. valdsutøveren er tidlegare straffedømd for liknande straffbare handlingar.

### **Artikkel 47 – Dommar avsagde av ein annan part**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for at rettskraftige dommar avsagde av ein annan part for handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen, skal kunne takast omsyn til ved straffeutmåling.

### **Artikkel 48 – Forbod mot obligatorisk utanrettsleg tvisteløysing eller domsavseiing**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å forby obligatorisk utanrettsleg tvisteløysing, inkludert mekling og forlik, i samband med alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen.
2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at det blir teke tilbørleg omsyn til valdsutøveren si evne til å oppfylle sine økonomiske plikter overfor offeret dersom vedkomande vert dømd til ein bøtestraff.

## **Kapittel VI – Etterforsking, påtale, prosesslov og vernetiltak**

### **Artikkel 49 – Generelle plikter**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at etterforsking og rettsforfølging i samband med alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, blir gjennomførte utan unødige opphald, samstundes som det blir tatt omsyn til offeret sine rettar på alle trinn i straffeforfølginga.
2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte, i samsvar med grunnleggande menneskerettsprinsipp og ut frå ei kjønnsbasert forståing av vald, treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre effektiv etterforsking og straffeforfølging av handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen.

### **Artikkel 50 – Umiddelbar reaksjon, førebygging og vern**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at dei ansvarlege rettshandhevingsorgana reagerer raskt på alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, ved å gi offera tilstrekkeleg og umiddelbart vern.
2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at dei ansvarlege rettshandhevingsorgana raskt og på eigna måte går inn i arbeidet med å førebyggje og gi vern mot alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen, mellom anna ved bruk av førebyggjande operative tiltak og innhenting av bevis.

### **Artikkel 51 – Risikovurdering og risikohandtering**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at alle relevante styresmakter gjennomfører ei vurdering av faren for dødeleg utgang, av kor alvorleg situasjonen er og risikoen for gjenteken vald, med sikte på å handtere risikoen og om nødvendig sørgje for samordna tryggleik og støtte.
2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at vurderinga nemnd i nr. 1 på alle trinn i etterforskinga og i bruken av vernande tiltak tek forsvarleg omsyn til det at personar som utøvar valdshandlingar som er omfatta av denne konvensjonen, har eller har tilgang til skytevåpen.

## **Artikkel 52 – Hasteavgjerd om utestenging**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at vedkomande styresmakter i situasjonar med overhengande fare får fullmakt til å påleggje ein person som utøvar vald i nære relasjonar å forlate bustaden til offeret eller den risikoutsette personen i eit tilstrekkeleg langt tidsrom, og å forby valdsutøvaren å gå inn i bustaden til offeret eller kontakte offeret eller den valdsutsette personen. Tiltak som blir sette i verk etter denne artikkelen skal prioritere tryggleiken til offera eller dei valdsutsette personane.

## **Artikkel 53 – Pålegg om besøks- eller kontaktforbod**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at eigna pålegg om besøks- eller kontaktforbod står til rådvelde for offer for alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at pålegg om besøks- eller kontaktforbod eller tryggingstiltak etter nr. 1:

- er til rådvelde for umiddelbar trygging og utan unødige økonomiske eller administrative byrder for offeret;
- blir gitt for ein spesifisert periode eller til det blir endra eller oppheva;
- om nødvendig gitt *ex parte* med umiddelbar verknad;
- er til rådvelde uavhengig av, eller i tillegg til, andre rettslege skritt;
- kan brukast under seinare rettsforfølging.

3. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at brot på besøks- eller kontaktforbod etter nr. 1, skal omfattast av effektive, forholdsmessige og avskrekkande strafferettslege eller andre rettslege reaksjonar.

## **Artikkel 54 – Etterforsking og bevis**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at bevismateriale i sivile saker eller straffesaker som er knytt til offeret si seksuelle historie og åtferd berre skal tillatast når det er relevant og nødvendig.

## **Artikkel 55 – Rettargang *Ex parte* og *ex officio***

1. Partane skal sikre at etterforsking eller straffeforfølging av handlingar som er fastsette som straffbare etter artikkel 35, 36, 37, 38 og 39 i denne konvensjonen, ikkje eine og åleine skal vere avhengig av ei melding eller klage levert av eit offer, dersom handlinga vart heilt eller delvis utført på deira territorium, og rettargangen kan halde fram sjølv om offeret trekkjer tilbake forklaringa eller klagen.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre, i samsvar med vilkåra i sin interne rett, at statlege og frivillige organisasjonar og spesialistar på vald i nære relasjonar på førespurnad frå offeret kan assistere og/eller støtte offeret under etterforskinga og rettargang som gjeld handlingar fastsette som straffbare etter denne konvensjonen.

## **Artikkel 56 – Vernetiltak**

1. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å verne om offera sine rettar og interesser, også deira særlege behov som vitne, på alle stadium av etterforskinga eller rettssaka, og særleg ved å:

- a. verne offera og deira familiar families og vitne mot trugsmål, gjengjelding og nye overgrep;
- b. sikre at offera blir informerte, i det minste i tilfelle der dei og familien kan vere i fare, når valdsutøvaren rømer eller blir mellombels eller endeleg sett fri;
- c. informere offera, på dei vilkåra som gjeld i intern rett, om kva rettar dei har, kva tenester

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

som står til rådvelde for dei og korleis meldinga deira blir følgd opp, og om siktinga, den generelle framdrifta i etterforskinga eller rettargangen og offeret si rolle i dei, i tillegg til om utfallet av saka;

d. setje offera i stand til – på ein måte som kan sameinast med prosessreglane i intern rett – å bli høyrde, leggje fram bevis og få sine syn, behov og interesser lagde fram og vurderte, enten direkte eller gjennom eit mellomledd;

e. yte eigna assistanse til offera slik at deira rettar og interesser kan bli lagde fram og tekne omsyn til;

f. sikre at det kan treffast tiltak for å verne om privatlivet og utsjånaden til offeret;

g. sikre at kontakt mellom offer og valdsutøvarar i rettslokala og hos politiet kan unngåast når dette er mogleg;

h. skaffe uavhengig og kompetent tolk til offera når offera er part i saka eller når dei gir vitneprov;

i. setje offera i stand til å gi vitneprov i rettslokalet etter reglane i intern rett utan sjølv å vere til stades, eller i det minste utan at den tiltalte valdsutøvaren er til stades, særleg gjennom bruk av eigna kommunikasjonsteknologi når dette er tilgjengeleg.

2. Eit barn som er offer, og eit barn som er vitne til vald mot kvinner og vald i nære relasjonar, skal om nødvendig ha spesielle vernetiltak der det blir teke omsyn til kva som er til beste for barnet.

### **Artikkel 57 – Rettshjelp**

Partane skal sørge for at offeret har rett til juridisk bistand og fri rettshjelp på dei vilkåra som gjeld etter intern rett.

### **Artikkel 58 – Forelding**

Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at foreldingsfristen for å innleie rettsforfølging i samband med handlingane som er fastsette som straffbare etter artikkel 36, 37, 38 og 39 i denne konvensjonen, skal halde fram i eit tidsrom som er tilstrekkeleg til å kunne innleie rettsforfølging etter at offeret har blitt myndig, og som står i forhold til kor alvorleg den aktuelle handlinga er

## **Kapittel VII – Migrasjon og asyl**

### **Artikkel 59 – Opphaldsstatus**

1. Når opphaldsløyvet til offeret er avhengig av den som etter intern rett er ektefelle eller partner, skal partane ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at offeret etter søknad får sjølvstendig opphaldsløyve dersom ekteskapet eller forholdet blir oppløyst og situasjonen er svært vanskeleg, uansett kor lenge ekteskapet eller forholdet har vart. Vilkåra for å gi sjølvstendig opphaldsløyve og tidsrommet det skal gjelde for, er fastsette i intern rett.

2. Partane skal ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er nødvendige for å sikre at offeret kan få utsett ei utvisingssak som er innleidd i samband med eit opphaldsløyve som er avhengig av den som etter intern rett er ektefelle eller partner, slik at dei får høve til å søkje om sjølvstendig opphaldsløyve.

3. Partane skal utferde eit fornybart opphaldsløyve til offer i ein eller begge dei to følgjande situasjonane:

a. når vedkomande styresmakt vurderer det slik at opphaldet er nødvendig ut frå offeret sin personlege situasjon;

b. når vedkomande styresmakt vurderer det slik at opphaldet er nødvendig for at offeret kan samarbeide med vedkomande styresmakt i ei etterforsking eller ei straffesak.

## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

4. Partane skal ved lovgiving eller p  annan m te treffe dei tiltaka som er n dvendige for   sikre at offer for tvangsekteskap som er tekne med til eit anna land for   bli gifte bort, og som f lgje av dette har mist opphaldsl yvet i landet der dei har sin faste bustad, kan f  denne statusen tilbake.

### **Artikkel 60 – Asyl p  grunnlag av kj nn**

1. Partane skal ved lovgiving eller p  annan m te treffe dei tiltaka som er n dvendige for   sikre at kj nnsavhengig vald mot kvinner kan anerkjennast som ei form for forf lgging i tydinga av artikkel 1 A nr. 2 i flyktningkonvensjonen av 1951, og som ei form for alvorleg skade som gir rom for ytterlegare/subsidi ert vern.

2. Partane skal sikre at kvar einskild konvensjonsgrunn blir tolka ut fr  eit kj nnsperspektiv, og at s kjaren skal f  flyktningestatus i samsvar med dei gjeldande relevante avtalane n r det er fastsl tt at frykta for forf lgging er basert p  ein eller fleire av desse grunnane.

3. Partane skal ved lovgiving eller p  annan m te treffe dei tiltaka som er n dvendige for   utvikle kj nnsensitive mottaksprosedyrar og st ttetenester for asyls kjarar, i tillegg til kj nnsensitive retningslinjer og prosedyrar for handsaming av asyls knader, mellom anna for   kunne gi flyktningstatus og s kje om internasjonalt vern.

### **Artikkel 61 – Absolutt vern mot utsending (*non-refoulement*)**

1. Partane skal ved lovgiving eller p  annan m te treffe dei tiltaka som er n dvendige for   respektere prinsippet om absolutt vern mot utsending (*non-refoulement*) i samsvar med gjeldande plikter etter folkeretten.

2. Partane skal ved lovgiving eller p  annan m te treffe dei tiltaka som er n dvendige for   sikre at offer for vald mot kvinner som har behov for vern, uansett opphaldsstatus, ikkje under noko omstende skal returnerast til eit land der kvinna sitt liv kan vere i fare, eller der ho kan bli utsett for tortur eller umenneskeleg eller fornedrande behandling eller straff.

## **Kapittel VIII – Internasjonalt samarbeid**

### **Artikkel 62 – Generelle prinsipp**

1. Partane skal i breiast mogleg omfang samarbeide med kvarandre i samsvar med f resegnene i denne konvensjonen, og ved   ta i bruk relevante internasjonale og regionale avtalar om samarbeid i sivile og strafferettslege saker og ordningar som er inng tt p  grunnlag av einsarta eller tilsvarende lovgiving og intern rett, for det f rem l  :

a. f rebyggje, kjempe mot og p tale alle former for vald som er omfatta av denne konvensjonen;

b. gi vern og assistanse til offera;

c. etterforske eller straffeforf lgje dei handlingane som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen;

d. fullbyrde relevante sivilrettslege og strafferettslege dommar som er avsagde av rettsmaktene til partane, ogs  bes ks- eller kontaktforbod.

2. Partane skal ved lovgiving eller p  annan m te treffe dei tiltaka som er n dvendige for   sikre at offer for ei handling som er fastsett som straffbare etter denne konvensjonen og er gjort p  territoriet til ein annan part enn der dei er busette, kan klage til vedkomande styremakter i staten der dei bur.

3. Dersom ein part set ein inng tt avtale som vilk r for gjensidig juridisk assistanse i straffesaker, utlevering eller fullbyrding av sivile eller strafferettslege dommar som er avsagde av ein annan part i denne konvensjonen, og mottek ein f respurnad om slikt juridisk samarbeid fr  ein part som den ikkje har inng tt ein slik avtale med, kan parten sj  denne konvensjonen som rettsleg grunnlag for gjensidig juridisk assistanse i straffesaker, utlevering eller fullbyrding av sivile eller strafferettslege dommar som

## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

er avsaede av den andre parten med omsyn til handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen.

4. Partane skal der det er passande, anstrenge seg for å integrere førebygging og kamp mot vald mot kvinner og vald i nære relasjonar i utviklingsprogram som dei yter til tredjestatar, også ved å inngå bilaterale og multilaterale avtalar med tredjestatar med sikte på å leggje til rette for vern av offer i samsvar med artikkel 18 nr. 5.

### **Artikkel 63 – Tiltak knytte til valdsutsette personar**

Når ein part ut frå den informasjonen som er tilgjengeleg, har rimeleg grunn til å tru at en person er utsett for ein direkte risiko på territoriet til ein annan part for å bli offer for slike valdshandlingar som er omhandla i artikkel 36, 37, 38 og 39 i denne konvensjonen, blir den parten som har denne informasjonen, oppmoda til å oversende han utan opphald til sistnemnde part for det føremål å sikre at det blir sett i verk eigna vernetiltak. Der det er relevant, skal denne informasjonen omfatte opplysningar om eksisterande verneføreseigner til beste for den risikoutsette personen.

### **Artikkel 64 – Informasjon**

1. Parten som mottok førespurnaden, skal straks informere den parten som spør om det endelege resultatet av tiltak som blir sette i verk etter dette kapitlet. Parten som mottok førespurnaden, skal også straks informere den andre parten om eventuelle omstende som gjer det umogleg å gjennomføre tiltaket som er søkt gjennomført, eller som vil kunne seinke det vesentleg.

2. Ein part kan, innanfor rammene av sin interne rett og utan føregåande førespurnad, oversende ein annan part informasjon som er innhenta i samband med si eiga etterforsking, når parten vurderer det slik at å gi denne informasjonen kan hjelpe mottakarparten med å hindre handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen eller innleie eller gjennomføre etterforsking eller straffeførfølgjing av slike handlingar, eller at det kan føre til ein førespurnad om samarbeid frå den aktuelle parten etter dette kapitlet.

3. Ein part som mottok informasjon i samsvar med nr. 2, skal framleggje denne informasjonen for vedkomande styremakter slik at det kan takast rettslege skritt dersom dette blir vurdert som rett, eller slik at denne informasjonen kan bli teken omsyn til i relevante sivile og strafferettslege saker.

### **Artikkel 65 – Personvern**

Persondata skal lagrast og brukast i samsvar med dei pliktene partane har påtatt seg etter Konvensjonen om personvern i samband med elektronisk databehandling av personopplysningar (ETS Nr. 108).

## **Kapittel IX – Overvakingsmekanisme**

### **Artikkel 66 – Ekspertgruppe for tiltak mot vald mot kvinner og vald i nære relasjonar**

1. Ekspertgruppa for tiltak mot vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (heretter kalla "GREVIO") skal overvake gjennomføringa av denne konvensjonen frå partane si side.

2. GREVIO skal vere samansett av minst 10 og høgst 15 medlemmer, og det skal takast omsyn til kjønnsmessig og geografisk balanse i tillegg til tverrfagleg ekspertise. Medlemmene skal veljast av partskomiteen for ein periode på fire år, som kan fornyast ein gong, blant kandidatar som er innstilte av partane og som er valde blant partane sine borgarar.

3. Det første valet av 10 medlemmer skal haldast innan ein periode på eitt år etter at denne konvensjonen trer i kraft. Val på fem tilleggsmedlemmer skal haldast etter den 25. ratifiseringa eller tiltredinga.

4. Valet av medlemmene i GREVIO skal byggje på dei følgjande prinsippa:

a. dei skal veljast i samsvar med ein open prosedyre mellom personar med høg etisk standard



## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

som er kjende og respekterte for sin kompetanse på områda menneskerettar, likestilling mellom kjønna, vald mot kvinner og vald i nære relasjonar, eller for si hjelp til og vern av offer eller for å ha vist at dei har fagleg erfaring på dei områda som er omfatta av denne konvensjonen;

- b. GREVIO kan ikkje ha to medlemmer som er borgarar av same stat;
  - c. medlemmene bør representere dei viktigaste rettssystema;
  - d. medlemmene bør representere relevante aktørar og organ på området vald mot kvinner og vald i nære relasjonar;
  - e. medlemmene skal inneha vervet på vegner av seg sjølv og vere uavhengige og upartiske i utøvinga av sine funksjonar, og dei skal vere tilgjengelege slik at dei kan utføre sine oppgåver på ein effektiv måte.
5. Framgangsmåten for valet av medlemmene i GREVIO skal fastsetjast av Ministerkomiteen i Europarådet etter at den har rådført seg med partane og fått deira samrøystes samtykke, innan seks månader etter at denne konvensjonen tredde i kraft.
6. GREVIO skal vedta sin eigen forretningsorden.
7. Medlemmene av GREVIO og andre medlemmer av delegasjonar som gjennomfører landbesøk i samsvar med artikkel 68 nr. 9 og 14, skal ha dei privilegia og slik immunitet som er fastsette i vedlegget til denne konvensjonen.

### **Artikkel 67 – Partskomiteen**

1. Partskomiteen skal vere samansett av representantar for konvensjonspartane.
2. Partskomiteen skal samankallast av generalsekretæren i Europarådet. Det første møtet skal haldast innan eitt år etter at konvensjonen trer i kraft, for å velje medlemmene av ekspertgruppa GREVIO. Komiteen skal deretter kome saman når ein tredel av partane, leiaren av partskomiteen eller generalsekretæren ber om det.
3. Partskomiteen skal vedta sin eigen forretningsorden.

### **Artikkel 68 – Saksgang**

1. Partane skal på basis av eit spørjeskjema utarbeidd av GREVIO sende Generalsekretæren i Europarådet ein rapport om lovgivingsmessige og andre tiltak for å gjennomføre fråsegnene i denne konvensjonen, som GREVIO skal vurdere.
2. GREVIO skal vurdere rapporten som er framlagt etter nr. 1 med representantar for den parten det gjeld.
3. Dei påfølgjande evalueringsprosedyrar skal inndelast i rundar med ei lengd som skal fastsetjast av GREVIO. I byrjinga av kvar runde skal GREVIO velje dei konkrete fråsegnene som evalueringsprosedyren skal byggje på, og sende ut eit spørjeskjema.
4. GREVIO skal definere eigna middel til å gjennomføre denne overvakingsprosedyren. Dei kan særleg vedta eit spørjeskjema for kvar evalueringsrunde, som skal tene som grunnlag for evalueringsprosedyren for partane si gjennomføring. Dette spørjeskjemaet skal rettast til alle partane. Partane skal svare på dette spørjeskjemaet og på andre førespurnader om informasjon frå GREVIO.
5. GREVIO kan ta imot informasjon om gjennomføringa av konvensjonen både frå frivillige organisasjonar, det sivile samfunnet og frå nasjonale institusjonar for vern av menneskerettane.
6. GREVIO skal ta nødvendig omsyn til eksisterande informasjon som er tilgjengeleg frå andre regionale og internasjonale avtalar og organ på område som fell innanfor verkeområdet av denne konvensjonen.

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

7. Når dei set opp eit spørjeskjema for kvar evalueringsrunde, skal GREVIO ta nødvendig omsyn til eksisterande datainnsamling og forskning hos partane i samsvar med artikkel 11 i denne konvensjonen.

8. GREVIO kan ta imot informasjon om gjennomføringa av konvensjonen frå Europarådets menneskerettskommisssær, parlamentarikarforsamlinga og relevante spesialorgan i Europarådet, i tillegg til dei som er oppretta under andre internasjonale avtalar. Klager som er reist til desse organa og resultatet av dei vil bli gjort tilgjengelege for GREVIO.

9. GREVIO kan subsidiært, i samarbeid med nasjonale styresmakter og med assistanse frå uavhengige nasjonale ekspertar, organisere landbesøk dersom informasjonen som er innhenta er utilstrekkeleg, eller i slike tilfelle som er nemnde i nr. 14. Under desse besøka kan GREVIO la seg assistere av spesialistar på spesifikke område.

10. GREVIO skal utarbeide eit rapportutkast som inneheld deira analyse av gjennomføringa av dei fråsegnene som ligg til grunn for evalueringa, og med forslag og tilrådingar om korleis den aktuelle parten kan handtere dei problema som er kartlagde. Rapportutkastet skal oversendast parten som gjennomgår evalueringa for merknader. Merknadene skal takast omsyn til av GREVIO når rapporten blir vedteken.

11. På grunnlag av all informasjon som er motteken og merknader frå partane skal GREVIO vedta sin rapport og sine konklusjonar om tiltak som er sette i verk av den aktuelle parten for å gjennomføre fråsegnene i denne konvensjonen. Rapporten og konklusjonane skal sendast til den aktuelle parten og til partskomiteen. Rapporten og konklusjonane frå GREVIO skal offentleggjerast når dei er vedtekne, saman med eventuelle kommentarar frå den aktuelle parten.

12. Med atterhald for framgangsmåten i nr. 1 - 8 kan partskomiteen på grunnlag av rapporten og konklusjonane frå GREVIO kome med tilrådingar retta til parten (a) om kva tiltak som må treffast for å setje i verk konklusjonane frå GREVIO, og om nødvendig fastsetje ein dato for oversending av informasjon om gjennomføringa av dei, og (b) med sikte på å fremje samarbeid med parten for ei god gjennomføring av denne konvensjonen.

13. Dersom GREVIO mottek påliteleg informasjon som tyder på at ein situasjon med problem som krev umiddelbar merksemd for å hindre eller avgrense omfanget av eller talet på alvorlege brot på konvensjonen, kan gruppa krevje at det snarast blir framlagt ein spesialrapport om kva tiltak som er sett i verk for å hindre eit mønster med alvorleg, massiv eller vedvarande vald mot kvinner.

14. Ut frå informasjonen framlagd av den aktuelle parten, i tillegg til eventuell annan påliteleg informasjon som er tilgjengeleg for gruppa, kan GREVIO utnemne eitt eller fleire av sine medlemmer til å gjennomføre ei gransking og rapportere til GREVIO snarast. Når det er grunn til det, og med samtykke frå parten, kan granskinga omfatte eit besøk på parten sitt territorium.

15. Etter å ha gått gjennom funna frå granskinga nemnd i nr. 14, skal GREVIO framleggje desse funna for den aktuelle parten, og der det er aktuelt, for partskomiteen og ministerkomiteen i Europarådet saman med eventuelle kommentarar og tilrådingar.

### **Artikkel 69 – Generelle tilrådingar**

GREVIO kan, når det er føremålstenleg, vedta generelle tilrådingar om gjennomføring av denne konvensjonen.

### **Artikkel 70 – Parlamentarisk deltaking i overvakinga**

1. Dei nasjonale parlamenta skal inviterast til å delta i overvakinga av tiltak som blir sette i verk for gjennomføring av denne konvensjonen.

2. Partane skal framleggje rapportane frå GREVIO for sine nasjonale parlament.

3. Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet skal inviterast til regelmessig å gjere opp status for gjennomføringa av denne konvensjonen.

## **Kapittel X – Forhold til andre internasjonale avtalar**

### **Artikkel 71 – Forhold til andre internasjonale avtalar**

1. Denne konvensjonen påverkar ikkje rettar og plikter som følgjer av andre internasjonale avtalar som konvensjonspartane er eller vil bli part i, og som inneheld fråsegnar på område som er omfatta av denne konvensjonen.
2. Partane i denne konvensjonen kan inngå bilaterale eller multilaterale avtalar med kvarandre om spørsmåla som er omhandla i denne konvensjonen, med sikte på å utfylle eller styrkje fråsegnene i konvensjonen eller leggje til rette for bruken av dei prinsippa som er nedfelt i den.

## **Kapittel XI – Endringar i konvensjonen**

### **Artikkel 72 – Endringar**

1. Alle forslag om endringar i denne konvensjonen som blir framlagt av ein part, skal meldast til generalsekretæren i Europarådet og vidaresendast av generalsekretæren til medlemsstatane i Europarådet, alle signatarar, alle partar, Den europeiske union, alle statar som er inviterte til å underteikne denne konvensjonen i samsvar med fråsegnene i artikkel 75, og til alle statar som er inviterte til å tiltre konvensjonen i samsvar med fråsegnene i artikkel 76.
2. Ministerkomiteen i Europarådet skal vurdere den føreslegne endringa og kan, etter å ha konsultert dei partane til konvensjonen som ikkje er medlemmer av Europarådet, vedta endringa med slikt fleirtal som er fastsett i artikkel 20.d i Europarådet sine vedtekter.
3. Teksten i ei eventuell endring som blir vedteken av ministerkomiteen i samsvar med nr. 2, skal sendast ut til partane for godkjenning.
4. Alle endringar som blir vedtekne i samsvar med nr. 2, skal tre i kraft den første dagen i månaden etter utløpet av ein periode på ein månad etter datoen då alle partane har informert generalsekretæren om at dei har godkjent endringa.

## **Kapittel XII – Slutføresegner**

### **Artikkel 73 – Verknader av denne konvensjonen**

Føresegnene i denne konvensjonen skal ikkje påverke føresegnene i intern rett og bindande internasjonale avtalar som allereie er i kraft, eller som kan kome til å tre i kraft, og der meir fordelaktige rettar er eller vil bli gitt til personar for førebygging og kamp mot vald mot kvinner og vald i nære relasjonar.

### **Artikkel 74 – Tvisteløysing**

1. Partane i ein eventuell tvist som kan oppstå rundt bruken eller tolkinga av føresegnene i denne konvensjonen, skal først søkje å løyse tvisten gjennom forhandlingar, forlik, skiltsdom eller andre metodar for fredeleg tvisteløysing som dei blir samde om seg imellom.
2. Ministerkomiteen i Europarådet kan fastsetje framgangsmåtar for tvisteløysing som er tilgjengelege for bruk av partane i ein tvist dersom dei blir samde om det.

### **Artikkel 75 – Underteikning og ikraftsetjing**

1. Denne konvensjonen skal leggjast fram for underteikning av medlemsstatane i Europarådet, ikkje-medlemsstatar som har delteke i utarbeidinga av den og Den europeiske union.
2. Denne konvensjonen skal ratifiserast, akseptast eller godkjennast. Dokument for ratifisering, aksept eller godkjenning skal deponerast hos generalsekretæren i Europarådet.
3. Denne konvensjonen skal tre i kraft den første dagen i månaden etter utløpet av ein periode

## Øversettelse fra engelsk til nynorsk

på tre månader etter datoen då 10 signatarar, der minst åtte er medlemsstatar i Europarådet, har uttrykt sitt samtykke i å vere bundne av konvensjonen i samsvar med fråsegnene i nr. 2.

4. For ein stat etter nr. 1 eller Den europeiske union som seinare gir sitt samtykke til å vere bunden av den, skal konvensjonen tre i kraft den første dagen i månaden etter utløpet av ein periode på tre månader etter datoen for deponering av dokumentet for ratifisering, aksept eller godkjenning.

### **Artikkel 76 – Tiltreding til konvensjonen**

1. Etter at denne konvensjonen er tredd i kraft, kan ministerkomiteen i Europarådet etter å ha rådført seg med partane i konvensjonen og oppnådd deira samrøysta samtykke, invitere einkvar stat som ikkje er medlem av Europarådet, og som ikkje har delteke i utarbeidinga av konvensjonen, til å tiltrede konvensjonen ved ei avgjerd fatta med fleirtal etter artikkel 20.d i Europarådets vedtekter, og ved samrøystes avgjerd blant representantane for dei partane som har rett til å sitje i ministerkomiteen.

2. For ein stat som tiltrer konvensjonen, skal konvensjonen tre i kraft den første dagen i månaden etter utløpet av ein periode på tre månader etter datoen då tiltredingsdokumentet vart deponert hos generalsekretæren i Europarådet.

### **Artikkel 77 – Territorial bruk**

1. Ein stat i Den europeiske union kan på tidspunktet for underteikning eller deponering av dokumentet for ratifisering, aksept, godkjenning eller tiltreding, spesifisere territoriet eller territoria der konvensjonen skal gjelde.

2. Ein part kan når som helst på ein seinare dato, gjennom ei fråsegn retta til generalsekretæren i Europarådet, utvide bruken av denne konvensjonen til anna territorium som er oppgitt i fråsegna og der parten er ansvarleg for dei internasjonale relasjonane eller har fullmakt til å inngå forpliktingar på vegner av territoriet. For eit slikt territorium skal konvensjonen tre i kraft den første dagen i månaden etter utløpet av ein periode på tre månader etter datoen då ei slik fråsegn vart motteken av generalsekretæren.

3. Ei fråsegn som blir gitt etter dei to føregåande nummera, kan trekkjast tilbake for eit territorium som er spesifisert i fråsegna ved hjelp av ei melding retta til generalsekretæren i Europarådet. Tilbaketrekkinga skal då tre i kraft den første dagen i månaden etter utløpet av ein periode på tre månader etter datoen då ei slik melding vart motteken av generalsekretæren.

### **Artikkel 78 – Atterhald**

1. Ingen atterhald kan takast for noka fråsegn i denne konvensjonen, med unntak av dei som er nemnde i nr. 2 og nr. 3.

2. Kvar og ein stat eller Den europeiske union kan på tidspunktet for underteikninga eller deponeringa av dokumentet for ratifisering, aksept, godkjenning eller tiltreding, gjennom ei fråsegn retta til generalsekretæren i Europarådet erklære at den tek atterhald om retten til ikkje å bruke, eller til å bruke berre i bestemte tilfelle eller på bestemte vilkår, dei fråsegnene som er fastsette i:

- Artikkel 30 nr. 2;
- Artikkel 44 nr. 1.e, 3 og 4;
- Artikkel 55 nr. 1 i samband med artikkel 35 for mindre lovbrøt;
- Artikkel 58 i samband med artikkel 37, 38 og 39;
- Artikkel 59.

3. Kvar og ein stat eller Den europeiske union kan, på tidspunktet for underteikninga eller deponeringa av dokumentet for ratifisering, aksept, godkjenning eller tiltreding, gjennom ei fråsegn retta til generalsekretæren i Europarådet, erklære at den tek atterhald om retten til å fastsetje andre reaksjonar i staden for strafferettslege for slik åtfærd som er omhandla i artikkel 33 og 34.

4. Ein part kan heilt eller delvis trekkje tilbake eit atterhald ved hjelp av ei fråsegn retta til

## Oversettelse fra engelsk til nynorsk

generalsekretæren i Europarådet. Ei slik fråsegn skal tre i kraft frå datoen då ho blir motteken av generalsekretæren.

### **Artikkel 79 – Gyldigheit og revidering av atterhald**

1. Atterhald som nemnt i artikkel 78 nr. 2 og 3 skal vere gyldige i ein periode på fem år frå dagen då denne konvensjonen trer i kraft for den aktuelle parten. Slike atterhald kan likevel fornyast for like lange periodar.
2. Atten månader før datoen for utløpet av atterhaldet skal generalsekretariatet i Europarådet varsle den aktuelle parten om utløpet. Seinast tre månader før utløpet skal parten varsle generalsekretæren om at den held ved lag, endrar eller trekkjer tilbake atterhaldet. Ved manglande varsel frå den aktuelle parten skal generalsekretariatet informere parten om at atterhaldet vert rekna som automatisk forlenga for ein periode på seks månader. Dersom den aktuelle parten ikkje melder frå om sin intensjon om å halde ved lag eller endre sitt atterhald før utløpet av denne perioden, vil atterhaldet bli ugyldig.
3. Dersom ein part tek eit atterhald i samsvar med artikkel 78 nr. 2 og 3, skal parten enten før fornying av atterhaldet eller på førespurnad gi ei forklaring til GREVIO om kva som er grunngjevinga for å vidareføre atterhaldet.

### **Artikkel 80 – Oppseiing**

1. Ein part kan når som helst seie opp denne konvensjonen ved hjelp av ei melding retta til generalsekretæren i Europarådet.
2. Ei slik oppseiing skal tre i kraft den første dagen i månaden etter utløpet av ein periode på tre månader etter datoen då meldinga vart motteken av generalsekretæren.

### **Artikkel 81 – Underretning**

Generalsekretæren i Europarådet skal underrette medlemsstatane i Europarådet, ikkje-medlemsstatane som har delteke i utarbeidinga av konvensjonen, alle signatarar, alle partar, Den europeiske union og alle statar som er inviterte til å tiltre konvensjonen, om:

- a. alle underteikningar;
- b. deponering av alle dokument for ratifisering, aksept, godkjenning eller tiltreding;
- c. alle datoar for ikraftsetjing av denne konvensjonen etter artikkel 75 og 76;
- d. alle endringar som blir gjort i samsvar med artikkel 72 og datoen då slike endringar trer i kraft;
- e. alle atterhald og tilbaketrekkingar av atterhald som er tekne i samsvar med artikkel 78;
- f. alle oppseiingar i samsvar med føresegnene i artikkel 80;
- g. alle andre handlingar, varsel eller meldingar i samband med denne konvensjonen.

Til stadfesting av det føregåande har dei underteikna, som har rett fullmakt til det, underteikna denne konvensjonen.

Utferda i ..... den ..... på engelsk og fransk, der begge tekstane er like gyldige, i eitt eksemplar, som skal deponerast i arkiva til Europarådet. Generalsekretæren i Europarådet skal oversende stadfesta kopiar til kvar medlemsstat i Europarådet, til ikkje-medlemsstatar som har delteke i utarbeidinga av denne konvensjonen, til Den europeiske union og til alle statar som er inviterte til å tiltre denne konvensjonen.

**Vedlegg – Privilegium og immunitet (artikkel 66)**

1. Dette vedlegget skal gjelde for medlemmene i GREVIO i samsvar med artikkel 66 i konvensjonen, i tillegg til andre andre medlemmer av besøksdelegasjonane. For føremålet i dette vedlegget skal uttrykket “andre medlemmer av besøksdelegasjonane” omfatte uavhengige nasjonale ekspertar og dei spesialistane som er nemnde i artikkel 68 nr. 9 i konvensjonen, tilsette i Europarådet og tolkar som er tilsette av Europarådet for å vere med GREVIO på landbesøk.
2. Medlemmene i GREVIO og andre medlemmer av besøksdelegasjonane skal medan dei utfører sine oppgåver i samband med førebuing og gjennomføring av landbesøk, under oppfølginga av dei og på reiser i samband med desse oppgåvene, nyte godt av følgjande privilegium og immunitet:
  - a. immunitet mot personleg arrest eller pågriping og frå beslag av deira personlege bagasje, og immunitet mot juridiske prosessar av eitkvart slag med omsyn til ord som er skrivne eller uttalte og alle handlingar som er utførte av dei i eigenskap av deira offentlege verv;
  - b. fritak frå alle restriksjonar på deira rørslefridom ved utreise frå og retur til det landet dei bur i, og innreise til og utreise frå landet der dei utfører oppgåvene sine, og frå registrering som utlending i landet dei besøkjer eller reiser gjennom i utøvinga av oppgåvene.
3. Under reisene dei utfører i utøvinga av sine oppgåver skal medlemmene av GREVIO og dei andre medlemmer av besøksdelegasjonane ha dei same rettane med omsyn til toll og valutakontroll som dei som representantar for utanlandske regjeringar har på mellombels offisielle oppdrag.
4. Dokumenta som gjeld evaluering av gjennomføringa av konvensjonen og som medlemmene i GREVIO og andre medlemmer av besøksdelegasjonane har med seg, skal vere ukrenkjelege i den grad dei gjeld verksemda til GREVIO. Ingen blokkering eller sensur skal brukast på den offisielle korrespondansen til GREVIO eller på offisielle meldingar frå medlemmer i GREVIO og andre medlemmer av besøksdelegasjonane.
5. For å sikre full yringsfridom og fullstendig sjølvstende for medlemmen av GREVIO og andre medlemmer av besøksdelegasjonane i utføringa av deira plikter, skal immuniteten mot rettslege prosessar med omsyn til munnlege eller skriftlege ytringar og alle handlingar dei utfører i utøvinga av sine plikter, halde fram med å gjelde for dei uansett om dei aktuelle personane ikkje lenger er engasjerte i utføringa av desse pliktene.
6. Privilegium og immunitet er gitt til personane som er nemnde i nr. 1 i dette vedlegget med sikte på å sikre at dei kan utføre sine oppgåver på ein uavhengig måte i samsvar med GREVIO sine interesser, og ikkje for at dei skal ha personleg fordel av det. Generalsekretæren i Europarådet skal gi avkall på immunitet for personane som er nemnde i nr. 1 i dette vedlegget i tilfelle der immuniteten etter generalsekretæren si meining ville vere til hinder for lov og rett, og der det kan gjevast avkall på immuniteten utan at det er til skade for GREVIO sine interesser.